



Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep.  
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201208986-6/60/ANNTRY

Dykkar ref.:

Bergen, 04. desember 2012

## Ein kunnskapsbasert kulturpolitikk - fråsegn

Fylkesutvalet i Hordaland hadde saka føre i møte 21. november i år, sak 267/12, og det vart gjort slikt vedtak i saka:

- «1. Hordaland fylkeskommune meiner rapporten "En kunnskapsbasert kulturpolitikk" gjev eit godt grunnlag for ei naudsynt auka satsing på forskings- og utviklingsarbeid innan Kulturdepartementet sine ansvarsområde og meiner at det bør utviklast ein opptrappingsplan for kulturpolitisk forskning.
2. Hordaland fylkeskommune meiner det er viktig med ei oppfølging av rapporten med ei tverrdepartemental tilnærming, slik at ansvarsområde og verkemiddel frå fleire departement vert sett i samanheng. Hordaland fylkeskommune vil påpeike at utviklingsarbeid bør vektleggjast på linje med grunnforskning og anvendt forskning og at dei regionale forskingsfonda bør vurderast brukt i FoU-arbeidet innan kulturfeltet.
3. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om ei vidareføring av programmet «Virtuelt senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor» også etter 2013.
4. Hordaland fylkeskommune stør forslaget om oppretting av eit forskingssenter innan mediefeltet og meiner det bør lokaliserast til Universitetet i Bergen, gjerne i samarbeid med Noregs handelshøgskole, Høgskolen i Bergen og Kunst- og designhøgskolen i Bergen.
5. Hordaland fylkeskommune vil rå til at det vert gjennomført ei omfattande utgreiing før ein tek stilling til ei eventuell etablering av eit eige forskingssenter for kultur. I utgreiinga bør også FoU-arbeidet til Norsk kulturråd og kulturforskinga til Noregs forskingsråd vurderast.»

Kopi av saksførelegg med særutskrift ligg ved.

  
Anna Elisa Tryti  
fylkeskultursjef